

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/257-1

Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027, oppstart

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027.
- 2 Det skal utarbeidast planprogram for arbeidet med transportplanen.
- 3 Planprogrammet skal avklare innhald og prosess og godkjennast av fylkesutvalet juni 2016
- 4 Arbeidet med transportplanen skal gjennomførast i samsvar med plan- og bygningslova.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget godkjente Regional transportplan (RTP) for Sogn og Fjordane 2014 – 2017 i møte den 10.12.2013. I denne går det fram at handlingsprogrammet skal reviderast kvart 4. år. RTP består av 2 delar; ein analyse- og utfordringsdel og eit handlingsprogram. Grunnlaget for handlingsprogrammet er m.a. analysedelen, som viser kva utfordringar fylket har innan samferdsleområdet. Det er difor lagt opp til ein revisjon av analysedelen samt utarbeiding av nytt handlingsprogram for perioden 2018 – 21. Handlingsprogrammet vil også byggje på ny regional planstrategi (under utarbeiding) og dei økonomiske føresetnadane som ligg i budsjett og økonomiplan.

I gjeldande Regional transportplan er det definert følgjande satsingsområde:

1. Lovpålagde oppgåver og kontraktfesta bindingar
2. Vedlikehald av fylkesvegnettet
3. Mindre investeringstiltak
4. Utvida kollektivtilbod
5. Utgreiingsarbeid
6. Store investeringsprosjekt

Analyse- og utfordringsdokumentet ser på status, utviklingstrekk, utfordringar og behov.

Gjeldande transportplan inneheld følgjande plantema:

- Fylkesveg
 - o Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet

- Drift- og vedlikehald
- Gang- og sykkelveg
- Trafikktryggleik
- Tunnelar
- Naudnett
- Bruer og ferjekaier
- Ferjedrift
- Vegdekke
- Høgfjell
- Riksveg
- Skredsikring
- Kollektivtransport
 - Ruteproduksjon
 - Snøggått
 - Pendling
 - Alternativ kollektivtransport
 - Infrastruktur
 - Universell utforming
 - Minimums rutetilbod
 - Drosjer
- Luftfart
 - Lufthamner
- Sjøtransport
 - Hamner
 - Farleier
- Jernbane
- Breiband.

Ved oppstart av arbeidet med RTP skal det utarbeidast eit planprogram som klårgjer framdriftsplan for arbeidet, prosess i planarbeidet og innhald i ny transportplan. Når det gjeld innhaldet vil det vere naturleg å jobba ut i frå innhaldet i gjeldande plan.

Sentrale problemstillingar

Etter plan- og bygningslova § 8-1 skal regional planmynde utarbeide regionale planar fastsett i regional planstrategi. Etter pbl § 7-1 skal regional planmynde minst ein gong kvar valperiode utarbeide ein regional planstrategi. Denne skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Planstrategien skal også innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp og opplegg for medverknad i planarbeidet.

Arbeidet med regional planstrategi for inneverande valperiode er i gang. Revisjon av RTP er lagt inn og førebels drøfta i arbeidet med planstrategien. Det er ein føresetnad at føringar frå arbeidet med planstrategien vert teke inn i planprogrammet for revisjon av RTP. Endeleg framlegg til planprogram for RTP vil bli lagt fram for godkjenning i FU i juni 2016. Det er vidare venta at den regionale planstrategien vert lagt fram for politisk handsaming i FT i juni 2016. Arbeidet med planstrategien og planprogram til RTP vil såleis gå parallelt.

Framdriftsplan

Det er lagt opp til følgjande framdriftsplan for arbeidet med planprogrammet til RTP:

- 27. januar 2016: Vedtak i FU om oppstart av planarbeidet med utarbeiding av planprogram.
- Mars 2016: Arbeidsdokument i planutvalet dersom det viser seg at det er behov for politiske avklaringar i arbeidet med planprogrammet.
- 13. april 2016: FU-handsaming av utkast til planprogram med vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.
- 14. april 2016: Utsending av planprogram på høyring med høyringsfrist 27. mai 2016.
- April/mai 2016: Ev. høyringsmøte på planprogrammet.
- 22. juni 2016: FU-vedtak av endeleg planprogram og om vidare framdrift av planarbeidet.

Framlegg til RTP 2018 – 29 med handlingsprogram for 2018 – 21 vil bli lagt fram for FT til hand-saming og godkjenning desember 2017. Ny RTP med handlingsprogram vil gjelde frå 2018.

Organisering

FU er politisk styringsgruppe for arbeidet med regionale planar. FU var difor styringsgruppe for utarbeiding av gjeldande transportplan i 2012/13. Det blir lagt opp til at FU som planutval også vert politisk styringsgruppe for arbeidet med ny RTP. FU vil gjere alle formelle vedtak om oppstart av planarbeidet, utlegging av planprogram til offentleg ettersyn, godkjenning av planprogram og utlegging av høyringsutkast til ny RTP til offentleg ettersyn. FT vil gjere vedtak om endeleg godkjenning av ny transportplan.

Undervegs i planarbeidet vil det bli utarbeidd arbeidsdokument ved behov etter same prinsipp som for arbeidet med budsjett og økonomiplan. Desse blir lagde fram for planutvalet når det er behov for politiske avklaringar undervegs i planarbeidet.

Under arbeidet med gjeldande RTP vart det ein viss diskusjon om HS si rolle i planarbeidet. Med FU som politisk styringsgruppe fekk i utgangspunktet ikkje HS medverke direkte. Dette vart løyst ved at arbeidsdokumenta til planutvalet også vart lagt fram for HS som meldingssaker. Synspunkta frå HS vart gjennom denne sløyfa formidla inn til planutvalet under handsaminga av arbeidsdokumenta. Det vert lagt opp til tilsvarande i arbeidet med ny/revisjon av RTP.

Administrativt er det etablert ei administrativ arbeidsgruppe som førebels er samansett slik:

- personar frå samferdsleavdelinga
- 1 person frå Statens vegvesen
- 1 person frå plansjefen.

Det kan vere aktuelt å justere denne gruppa med ein person frå nærings- og kulturavdelinga og ev. ein person frå opplæringsavdelinga.

I tillegg vil det bli etablert ei referansegruppe av regionale statsetatar/organisasjonar.

2. Vurderingar og konsekvensar

I analysedokumentet til gjeldande regionale planstrategi er samferdsle trekt fram som eit viktig område/verkemiddel for å nå andre mål for samfunnsutviklinga i fylket. Dette har ikkje endra seg, og det er difor naturleg å halde fokus på samferdslerelaterte problemstillingar også i åra framover. Gjennom revisjon av RTP kan vi m.a. sette fokus på samferdsletema som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Revisjonen av RTP vil vere eit viktig grunnlag for framtidige innspel til arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP) og ved revisjon av handlingsprogram for fylkesvegnettet. Ein revidert PTP vil også vere viktig for å nå mål og visjonar for samfunnsviklinga i fylket i den nye regionale planstrategien.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I utgangspunktet er revisjonen av Regional transportplan tenkt utført av eigne tilsette med bistand frå Statens vegvesen. Samferdsleavdelinga har lyst ut stilling som trainée, der ei av hovudoppgåvene vil vere arbeid med revisjon av Regional transportplan. Vi vonar vi lukkast i arbeidet med denne tilsettingsprosessen.

Det kan ikkje utlukkast bruk av eksterne konsulentar i arbeidet med revisjon av RTP. Ev. utgifter til dette må dekkast innan samferdsle sitt budsjett.

3. Konklusjon

I vedteken RTP for 2014 – 23 ligg det ei føring på revisjon kvart 4. år. Fylkesrådmannen viser til at arbeidet med regional planstrategi for inneverande periode er i gang der revisjon av RTP førebels er drøfta og lagt inn som ein regional plan som skal vidareførast. Fylkesrådmannen vil tilrå oppstart av arbeid med RTP med utarbeiding av planprogram. Det må vere ein føresetnad at føringar frå arbeidet med planstrategien vert teke inn i planprogrammet for revisjon av RTP.
[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)